



Ikkje kystbjørnekjeks, men sløkje.

Også andre stader i Kvinnherad er det mykje av planta som korkje er tromsøpalme eller kjempebjørnekjeks, men høgst sannsynleg kystbjørnekjeks (*heracleum sphondylium*). Derimot har nok ikkje kystbjørnekjeksens spreia seg oppover Uskedalen, slik vi før har meldt.



Det vart opplyst at den særleg er å finna langsmed vegen ovanfor Haugland og før ein kjem til Klammeren. Men Reidar Myklebust seier utfrå biletet at det heller dreier seg om sløkje, som dei brukte til å laga blåserøyr av då dei var ungar.

Kystbjørnekjeks er som vi har vore inne på før ikkje så giftig som dei to slektningane sine i skjermplantefamilien. Men den kan verka hudirriterande i sollys og må derfor benyttast med varsemd. Kystbjørnekjeks er utbredt langs kysten frå Telemark til Sogn.

I eldre tider var planten brukt mot så mangt. I eit skrift frå 1600-talet blir den anbefalt mot hodepine, melankoli og opphisselse! Ellers var den i tidlegare tider brukt som blodtrykksenkjande middel, til behandling av epilepsi og fordøyelsesproblem. Men den er lite brukt i våre dagar, av samme grunn som dei to slektningane: Den inneheld som dei furanokumariner som kan gje utslett når ein har nær kontakt med plantasafta samstundes som ein har sollyset på seg.

Den er imidlertid å finna også fleire stader i Kvinnherad, til dømes på Røssland. Der har Ove Lie, som haustar dyrkamarka på eigdommen, gjennom fleire år prøvd å bekjempe planta med sprøytemiddel. Men den kjem att. Det er også store koloniar av den på Helland/Husnes og "Djupedalen" på Sunde, opplyser han i eit brev til kommunen.

Lie har skreve dit og bedt om at tiltak blir sett iverk. Han viser til at Oslo kommune har leigd inn hjelp til bekjemping.

I Uskedalen er ein godt på tur med bekjempinga.

Av Ola Matti Mathisen



Men dette er høgst truleg kystbjørnekjeks, slik den no står ved grusbana i sentrum. På feltet i forgrunnen er planta fjerna - svært effektivt - med hagesaks og roundup.